

## Samarbeid mellom Venelaget Olav H. Hauge og Hauge-senteret/Nynorsk kultursentrum

1. På årsmøtet i venelaget i 2016 vart det drøfta korleis venelaget kan utvikla samarbeidet med Haguesenteret. Årsmøtet gjorde slikt vedtak:
  - «1. Årsmøtet ber styret vidareutvikla samarbeidet med Hauge-senteret innanfor dei vedtektene vi har i dag.
  2. Styret får i oppgåve å leggja fram ei vurdering av kva for oppgåver samarbeidet kan innebera.
  3. Resultatet skal leggjast fram på neste årsmøte.»
2. Problemstillinga kom opp på det fyrste møtet i noverande styre i november 2016, og vart drøfta på nytt i seinare styremøte. Styret konstaterte at ei av utfordringane for venelaget er å handtera heimesida og bruk av sosiale medium, t.d. venelagets Facebook-side. Målet bør vera å få ei heimeside som er enklare å bruka for dei som til kvar tid sit i styret, og som skal oppdatera og driva heimesida. Dei som har hatt slike oppgåver, har klaga over at det er vanskeleg og tungvint med noverande løysing, som er drifta av eit eksternt firma.
3. I fleire omgangar har styret ved Magne Velure drøfta nærare samarbeid med Haguesenteret på dette punktet. Styret føreslår at venelaget får til eit teknisk og administrativt samarbeid med Hauge-senteret/Nynorsk kultursentrum for å styrkja venelagets innsats på det digitale området. Kort skissert inneber forslaget:
  - Venelagets heimeside vil vera eit integrert menyval på heimesida til senteret. Føremønnen vil vera at alle som besøker heimesida til senteret, vil «sjå» menypunktet til venelaget. Det skal leggjast til rette for at arkivet for den noverande heimesida skal flyttast over på den nye plattformen.
  - Ein annan føremøn er at venelaget får tilgang til moderne nett-teknologi og program og får rettleiing/råd til å bruka programvara.
  - Med full integrering vil senteret/Nynorsk kultursentrum ha det juridiske redaktøransvaret. Det kan ordnast med ei avtale om dette punktet. Uansett vil senteret ikkje kunna gripa inn i det venelaget skriv på si heimesida, heller ikkje om styret skulle koma til å vera kritiske til senteret og måten dei forvaltar mandatet om å vera eit Hauge-senter.
4. Tidspunkt for overgang vil høva ved årsskiftet 2018-2019. Då skal Hauge-senteret/Nynorsk kultursentrum skifta til ny digital publiseringsløysing. Det er estimert at inngangsbilletten til ei integrert løysing vil verta 6 500 kroner for venelaget. Årlege driftskostnader vil vera avhengige av kor mykje dei tilsette ved senteret skal involverast i den daglege drifta. Det må løysast av det nye styret når ein får oversyn over kor stor innsats medlemmer i styret kan stå for sjølve.
5. Tilråding frå styret:
  - a. Årsmøtet gjev det nye styret fullmakt til å gå inn i eit samarbeid med Hauge-senteret/Nynorsk kultursentrum for å få på plass ei best mogeleg løysing for heimesida og andre digitale publiseringsaktivitetar.